


**METALHAUST I OSLO**

Tre store band av den hardare sorten kjem til Oslo i oktober. Svenske In Flames spelar i Oslo Spektrum den 18. oktober. Sidan det første albumet *Lunar Strain* i 1994 har In Flames vorte eitt av verdas fremste metalband. I Oslo Spektrum spelar dei i lag med amerikanske Five Finger Death Punch. To dagar etter står Mastodon frå Atlanta på Sentrum Scene.

Foto: Thomas Frey / AP / NTB scanpix



«Migrant Mother», det kjende biletet teke av fotografen Dorothea Lange.

Foto: Dorothea Lange / Wikipedia

og mellom musikarane på *America* finn vi til dømes Gus Seyffert, sist hørt på Roger Waters' plate av året, og tidlegare kjend frå samarbeid med mellom andre Beck og Ryan Adams. Seyffert har også produsert plata. Handverket er av høg kvalitet, både

musikalsk og lyrisk. *America* er knapt nyskapande, men eit stilskjerkert, elegant sjangeralbum har det vorte.

**ØYVIND VÄGNES**

Øyvind Vägnes er forfattar og fast musikkskribent i Dag og Tid.



Synthtrioen Au Revoir Simone har vore å høre to gonger i Twin Peaks.

# KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com

## Modernisme på etterskot

Tom Ottar Andreassen spelar fløytemusikk av fire norske komponistar som braut med det nasjonale.

**CD**

**BRÆIN, KVANDAL, HOVLAND, MORTENSEN:**  
**La Flûte Norvégienne**

TOM OTTAR ANDREASSEN, TVERRFŁØYTE; KRINGKASTINGSORKESTERET; DIR.: INGAR BERGBY.  
LAWO 2017

Grieg kasta lange skuggar etter seg i den norske musikksgoga. I åra før andre verdskrig var den nasjonalromantiske lina framleis den viktigaste, og etter avbroten under okkupasjonen tok ein opp att denne lina for å gjenreisa kulturlivet. Mangelen på eit nasjonal uttrykk fundert i folkesmukken blei gjerne beintrahma tolka som manglende kunstnarleg mognoscap.

Dei fire verka som fløyteprofessor ved Noregs Musikkhøgskule Tom Ottar Andreassen har har spela inn på CD, blei til mellom 1953 og 1963 – eit tiår då kontinentale impulsar endeleg fekk gjennomslag her på berget.

**BRÆIN OG KVANDAL**

Fyrste verket er Edvard Fliflet Bræins (1924–1976) *Concertino for fløyte og orkester*, op. 10. Fyrstesatsen har dansande rytmikk og lineær stemmemenging, ein skrivemåte som skodar attende til 1700-talet. Neoklassisismen, kallar me denne stilens, som hadde blomstra i Frankrike tretti år tidlegare, og som Bræin må ha snappa opp under studieopphaldet der. Også Johan Kvandal (1919–



Tom Ottar Andreassen frå Moelv spelar norsk fløytemusikk frå 1950- og 1960-åra, akkompagnert av Kringkastingsorkesteret. Foto: Jan Otto Haug

1999) tok undervisning i Paris, noko me merkar i *Konsert for fløyte og strykarar*, op. 22. Neoklassisismens spretnye karakter er tydeleg, men stykket har òg meir brutale sider; eg tenker spesielt på dei hakkande, dissonerande strykarakkordane i opningssatsen, som gjev assosiasjonar til russiske Igor Stravinskij s barbariske ballett *Vårofferet*. Den rolege andre-satsen er derimot lyrisk og smektaande vakker, eit uttrykk som blir styrkt av Andreassens uvanleg mørke, varme fløyteklang.

**HOVLAND OG MORTENSEN**

I *Suite for fløyte og strykere*, op. 31 snusar Egil Hovland (1924–2013) på endå ein musikkstil: den atonale tolvtoneteknikken, som blei utvikla av wieneren Arnold Schönberg i 1920-åra, og som i grunnen er meir for komposisjonsteknikk enn komposisjonsstil å rekná.

Ingen av dei fire komponistane på plata reiste til Tyskland for å utdana seg, slik brorparten av viktige norske musikarar frå 1800-talet og fram til andre verskrigen hadde gjort det. Finn Mortensen (1922–1983), som er den siste komponisten på plata, hevda jamvel det ville vera «likeverdig med landsforræderi» å studera der. Sidan han hadde «aversjon mot nasjonal rose maleri», utvikla han seg til den mest reindyrka modernisten av dei fire tonekunstnarane. Men *Sonate for fløyte solo*, op. 6 har framleis ein tonal grunnhått. I dette krevjande, tjue minuttar lange solostykket imponerer Andreassen med nyanserik artikulasjon og stadig vekslande klangfarger.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Sjur Haga Bringeland er musikar og fast musikkmedar i Dag og Tid.

## Klassisisme på forskot

**CD**

**WAGENSEIL, BONNO, GAßMANN, MONN:**  
**Flute Concertos from Vienna**

SIEGLINDE GRÖSSINGER, TRAVERSFLØYTE; ENSEMBLE KLINGEKUNST. CPO 2017

Også på dette albumet får me fløytekonsertar av fire forskjellige komponistar. Den dyktige solisten og ensembleleiaren Sieglinde Grössinger spelar her på traverso, tverrfløyten typen frå 1700-talet som i motsetning til moderne tverrfløyter ikkje er av metall, men av tre, og som

berre har éin klaff, noko som gjer klangen linnare.

Dei fem konsertane, som ikkje har vore spelte inn på plate før, stammar alle frå hoffet til den reformglade keisarinna Maria Teresia (1717–1780) i Wien. Instrumenteringa er tradisjonell barokk, med to fiolinar, bratsj og basso continuo (cembalo, cello, kontrabass og lut). Likevel har verka noko moderne ved seg, ein ny melodisk lettskap som høyrest spesielt godt i Georg Christoph Wagenseils (1715–1777) *Fløytekonsert i D-dur* frå 1750. Både dei symmetriske frasane, den enkle basslinna og den elegant ornamenterte toppmelodien peikar fram mot

wienarklassisismen, stilens som skulle bløma i Wien to tiår seinare.

**SJUR HAGA BRINGELAND**

Sieglinde Grössinger frå Salzburg spelar austriisk fløytemusikk frå 1750- og 1760-åra. Foto: Maria Frød